

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	15.01.2026
Vår referanse	2022/95301-3
Dykkar referanse	202514846-3
Sakshandsamar	Finn Olav Myhren
E-post	Finn.Olav.Myhren@vlfk.no
Telefon	46898112

Fråsegn til regulering og vassuttak - Salbuelva og Ramsgrøvatnet - Hyllestad kommune

Vi viser til høyring av regulering og vassuttak i Salbuelva i Hyllestad kommune, Vestland fylke.

I 2020 fekk Salbu Produksjon AS vassdragskonsesjon for uttak av vatn frå Kvia i Salbuelva og til regulering av Ramsgrøvatnet. Salbu Produksjon rakk ikkje å komme i gang med anleggsarbeidet innan fristen sett av NVE, og løyvet er ikkje lenger gjeldande. Det vert no søkt på nytt om same regulering av Ramsgrøvatnet og same vassuttak frå Salbuelva. Inntaket er trekt noko lenger opp i Salbuelva, like oppstraums Kvifossen.

Tiltaket ligg i vassførekomst 082-58-R Salbuelva. Tilstanden i vassførekomsten er moderat på grunn av ein demningen som hindrar anadrom fisk å nå naturleg vandringshinder om lag 300 meter oppstraums demninga. Ved å flytte inntaket over naturleg vandringshinder vil det vere mogleg å legge til rette for vandring av anadrom fisk opp til naturleg vandringshinder. Gitt eit avgrensa vassuttak vil dette kunne føre til at miljøtilstanden vert god i staden for moderat. Dersom det er mogleg med habitattiltak kan også det vere med på å redusere eventuelle negative effektar av redusert vassføring.

Med helsing

John Anton Gladsø
Seniorrådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Finn Olav Myhren
Seniorkonsulent
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift